

Årsmøte i Velledalen Vasslag SA

Stad: Velledalen grendahus

Dato: 24. februar 2026

Oppmøte 16 medlemmar av vasslaget.

Dagsorden:

1. Opning av årsmøte ved leiar i laget.

2. Godkjenning av innkalling.

Årsmøtet godkjende innkallinga

3. Val av møtereferent m.m..

Årsmøtet valte *Hans Petter Brunstad Sørensen* som referent.

Årsmøtet valte *Anita Kjersem* som ordstyrar

Årsmøtet valte *Sigbjørn Brunstad* og *Svein Hjorthol* til signatur av årsmøteprotokoll

4. Årsmelding.

Leiar i laget gjekk igjennom årsmeldinga.

Teknisk ansvarleg i styret gjekk igjennom teknisk arbeid som har blitt gjort i vassverket. Fokus til mattilsynet er å få redusert lekkasjar. Styret har arbeida med ROS-Analyse, møter med Sykkylven Energi og samfunnsplanen for Sykkylven kommune (Kommunen har ansvar for vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen). Teknisk ansvarleg gjekk også igjennom utført arbeid på hovudleidningar som utspylingar på linja, lekkasje målingar og vidare datalytteutstyr på lekkasjar. Det har blitt gjort omfattande undersøkingar etter vasslekkasjar gjennom 2025 og arbeidet vil fortsette i 2026.

Det var 130 abonnentar i vasslaget i 2025.

Kritiske områder for vassforsyning er Brunstadelva, UV-anlegget, brudd på PVC leidning fram mot Hole, tilbakestraum frå gardsbruk, langvarig straumbrot, IKT-hacking og sabotasje.

Styret anbefaler:

- Installere tilbakeslagsventilar på gardsbruk:
- Etablere reservevassforsyning.
- Skifte ut gamle PVC røyr.
- Naudstraum for reinseanlegg
- Oppdatere beredskapsplan for forureining.

-Styrke IKT-tryggleik og fysisk sikring.

Styret si vurdering av reservevassforsyning ved krise:

Alternativ 1:

Velleseterelva med etablering av elvekryssing, leidning frå inntakskum m.m.

Kostnadsoverslag om lag 760 000 inkl.mva

Alternativ 2:

Velle Kraft AS – Drivdalselva. Ta vatn frå røyrgate til Velle kraft AS.

Kostnadsoverslag om lag 2 500 000 kr

Alternativ 3:

Energibrønn – Velledalen grendahus vurderer energibrønn der vasslaget kan vere med å bidra til å setje pumpe ned i borehola for å hente ut vatn ved ein krisesituasjon.

Kostnadsoverslag: om lag 1- 2 000 000 inkl.mva.

Alternativ 4:

Brunstad kraft AS – Vellesetra i forbindelse med kraftverket.

Kostnadsoverslag om lag 400 000 inkl.mva.

- *Årsmøtet godkjenner årsmelding og teknisk melding for 2025.*

5. Rekneskap

Kasserar i laget gjekk igjennom rekneskapen for 2025 og budsjett for 2026

- *Styret svarte ut spørsmål frå årsmøtet.*
- *Styret har bestemt at ASB rekneskap skal føre rekneskap for Velledalen vasslag.*
Kostnad 12 000 kr.
- *Årsmøtet tek rekneskapen for 2025 til vitande.*

6. Handlingsplan

Dette blei gått igjennom i punkt 4 årsmelding.

8. Innkomne forslag

Ingen

9. Val

Valnemnda sitt forslag til nytt styre for 2026:

Arne Oskarson, styre-leiar – (ikkje på val i 2026. På val i 2027)

Sveinung Vemøy, styremedlem - (ikkje på val i 2026. På val i 2027)

Norman Hole, styremedlem, tilsyn teknisk - (tek gjenval 2026-2028)

Styremedlem Asle Skoglund har varsla valnemnda at han må trekke seg frå styrevervet.

Det har ikkje lykkast valnemnda å finne erstattar til denne styreplassen. Valnemnda ber difor årsmøtet om å finne eit nytt styremedlem.

- Kjell Hansen, 1. varamedlem (2026)

- Anita Kjersheim, 2. varamedlem (2026)

Forslaget blei valt med akklamasjon av årsmøtet.

Årsmøtet ber styret å kall inn til ekstraordinært årsmøte før sommaren for å avklare ledig styreverv og

Velledalen 24. februar 2026


Referent:

Hans Petter Brunstad Sørensen

Signatur av møteprotokoll

Sigbjørn Brunstad

Sigbjørn Brunstad



Svein Hjorthol